Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: O. T. Tjugum

(adresse): Balestrand

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag: Balestr. Hovudsokn

Gard: Tjugum

G.nr. 19 Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hjelpefôr, naudfôr
2. Samnamn Rísfôr (ris og skav) i sjödistrekt også tang og tare. og lyng.
3. Skjav, Skav, Skava, Skave.
4. Skav har og er under også nytta med å tie hjelpefor. Men ikkje berre tie hjelp når det er lite fôr (höy), men det har medisinsverknad under ymse tilhöve. Beiter helst lauvtre som Ask, Osp og rogn (raun), som vert nytta.
5. Dei treslag som er nemnde ovan for Barkog vert ikkje her nytta som skav men karet vert gjeve tie saue og geit.
6. Alle tregreiner som er skavne kallast Skjevling.
7. Ja. Aalmen gjö, raunen få selja svelte, vier vete. men dette dikte vert her sett i samband med, at desse treslaga vert nytta som ris. – ikkje skav.
8 Skav kunne verta brukt tie både storfe og småfe. Skavet vart fôra fr. ey.

8633

/.

9. Ikkje meir mjölk men kvaliteten tievanleg bedre (feitare og betre farge av raun. Sjösare farge ved bruk av osp. Smaken kunne verte sterk om fringa vart for stor m. skov.

10. Ja, dersom ein ikkje om hausten har lauva osk. Rauv og eller osp. Så ein har lauvviden (skalet) å skov. Hesjetroverne tie treheesjar, og hesje-staur av osk og raun skjev eine, eller skov eine for at dei skulle turke betre, og såleis verte lettare og meir varige. og skovet av dei vart sjölvsagt nytta.

11. Dette uttrykk vart ikkje nytta her i distriktet. Det vart sagt at ein skulle tie marki (på marki) eller skov.

12. Skov (gerdeskov - kallast det skjevling)

13. Mi det ordet brukast ikkje her. Det vart sagt at ein skal i marki - tie marki på arbeid (markarbeid) kva arbeid som kan gjerast der.

14. Skovkvist vart tie vanleg gjort om vinteren på snö före. Arbeidet er ikkje meir surt og hardt enn anna arbeid i skogen (marki) det skogsarbeid er hardt og surt sorleg i ruskever.

Skovhenting i samband med langfredag kjenner eg ikkje tie her i vårt distrekt. Men i gamal tid brukte ein (drengen på garden) og gå rundt tidleg før dei andre var opp og gjeve langefredag - (Sökk av ei risbuske)

8633
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15. Når det var kaldt ver og skavet var froset vart det bore inn i stova for å få det opptint, så skavinga kunne gå for seg, dette arbeidet vart helst utført som kvelds arbeid. Det vart tie vanleg ikkje skave meir i gongen enn som gjekk tie ut mål for elles ville skavet verte for turrt og då var det ikkje så godt for beiste. Om våren når soli varma kunne skavinga gå for seg ute eller i andre uthus - låven - vedhus

16 Tie vanleg småt skav (stauir og hesjetrer) nyttar ein skavel 

tie større dimensjoner av stokkar nyttar ein  skavel med handtak for båe hender eller og bandkniv 

Det er nokså vanleg at skavlane er laga av ljåsbrot av kasserte lungorvar. Kniven er derimot spesialsmidd av smed.
Tyrvelejå egnar seg ikkje tie skave.

17. Noko serskilt reidskap å leggje skav veden i under skavinga kjenner ein ikkje her, småskav held ein med eine hand mot låret (kneet) der ein hadde eit skinnstykke eller sekk for at ikkje buksa skulle verte hol på. Større materialar leggjer gjerne oppi ein sagkrakk eller anna underlag for at stillinga under arbeidet ikkje skal verte så trøyttesam

18 Namnet skavhol kjennest ikkje her.

19. Omtalt ovanfor. Det er skavereidskapen som vert dregen fram og attende medan skavkjeppen legg eller står roleg. Borre vert brukt etterkvart borken vert avskaven

20 Skjeving.

21 Skav.

22. Osp og raien vart skavne i alle dimen-
sjonar når berre ikkje borken var (korpen)
mykje sprikken og gamal.

23. Skjeveling om smådimensjonar som
ved greiner og eller kvistved. Skavkubbar
om så grove demensjonar som kunne
kløyvast til famneved. eller tömmer.
Ein skjeveling fleire skjevelingar.

24. Skavet vert til vanleg borken og litt av
veden. Det kjem mykje an på kor god
skaveden og kor mannsleg skavaren
er. Såleis kan det vera stor skilnad på
skavet. Men det kan vel vera einsmaks sak
kva som går best unna hjå kua eller krötra

25. Skjeveling er den beste veden som kan
skaffast, så det var glede millom kvinnfolki
når dei fekk brenne av skaveden.

26. Skav vert lite nytta nå, då arbeidstimane
er for kostbare å arbeida med sovore,
men ein veit ikkje kva som kan verta
brukt snart. Me kjenner uttrykket:
"Naud driv naken kjerring å spinna"



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING